

DIREKTIV OM ØKONOMIARBEIDET TIL DISTRIKTSSTYRA1. INNLEIING

Dette direktivet er revidert nyutsending av økonomi-direktivet frå juni 1976.

Det inneheld retningsliner for distriktsstyra sitt arbeid med partiøkonomien. Direktivet må brukast aktivt av DS og kasseraren for å rotfeste den marxistisk-leninistiske linja for organisasjonsøkonomien i partiet og for å slå fast prinsippa for sjølvberging og mobilisering av massane i økonomiarbeidet til partiet. Direktivet skal vera ein reiskap for å styrkje økonomien i partiet og for å nedkjempe og korrigere dei avvika som har vore og som framleis finst på dette området. DS må derfor diskutera direktivet grundig.

Direktivet gjeld inntil anna er fastsett.

2. DEMOKRATISK SENTRALISME I ØKONOMIARBEIDET

DS/AU skal ha eit kollektivt ansvar for leing av økonomien, med ein kasserar som særskilt ansvarleg og med økonomien som hovudoppgåve.

Kravet i § 12 i vedtektene om at kasseraren skal sitja i AU og at det skal vera kameraten si hovudoppgåve, er i samsvar med sentralisert leing. Andre oppgåver må ikkje hindra kasserarenⁱ å utføre hovudoppgåva si.

3. ANSVARSOMRÅDE3.1. KONTINGENTEN

a) DS skal driva inn kontingenten frå alle avdelingane i distriktet som svarar til medlemstalet, innafor dei fristar og etter dei retningsliner som er fastlagt i kontingent-direktivet.

b) DS skal krevje inn rapportar frå avdelingane og sende rapportar vidare til SK på dei fastlagde rapportskjemaene.

c) DS skal føre særskilt oversyn og kontroll med at alle avdelingane betaler kontingent og at det er i samsvar med medlemstalet.

- d) All kontingent som DS krev inn, tilhører SK. SK fastset ein prosentats som DS kan trekkje av kontingenten til eiga drift.
- e) I rekneskapet til DS skal kontingentdelen som DS har høve til å trekkje og det resterande som skal til SK, først i kvar sin konto. Kontingenten som skal vidare til SK, skal skiljast fysisk frå DS sin del etterkvart som kontingenten frå avdelingane kjem inn. Ikkje i noko høve kan DS bruke kontingentpengar utover den fastlagte prosentandelen.
- f) DS skal regelbunden ta tiltak for å forhøgje kontingentinngangen i distriktet. DS skal planleggje og setje målsettingar for dette og mobilisere medlema gjennom politisk motivering og skolering i partiøkonomien.

3.2. INNSAMLINGSKAMPANJER

Innsamlingar inngår som eit fast innsalg i økonomiarbeidet til partiet, anten det er direkte til partiet sine verksemder eller til frontføremål som partiet står.

DS skal fordela målsettinga for distriktet som dei får tildelt frå SK, på avdelingane etter nærare instruks. Vidare har DS ansvaret for å leia innsamlingane, organisera dei og kontrollera fortløpande korleis dei vert drivi i distriktet.

I innsamlingsarbeidet skal DS leggje særskilt vekt på å trekkje stadig fleire massar utafør partiet med i innsamlingane.

3.3. UNDERDISTRIKTSSTYREØKONOMIEN

- a) Underdistriktsstyra skal ikkje trekkje nokon del av kontingenten frå avdelingane i sitt distrikt. Underdistriktsstyret høyrer til på same nivå i partiet som DS og må finansiera drifta gjennom løyvingar frå DS etter framlagte og godkjente budsjett.
- b) Overfor avdelingane skal underdistriktsstyret leia økonomiarbeidet i sitt distrikt etter de same retningslinene som DS.

c) Bortsett frå regelen under pkt. a. gjeld dei same retningslinene for underdistriktsstyra som for DS.

3.4. AVDELINGSØKONOMIEN

DS skal sjå til at avdelingsstyra har kasserar og at dei driv økonomiarbeid med budsjett, rekneskap og revisjon.

DS skal krevje inn årsrekneskap og skaffe seg oversyn over alt materiell og utstyr som avdelingane har (skrive-maskiner, stensilmaskiner o.a.).

DS skal kontrollera økonomiarbeidet i distriktsorganisasjonen, at rekneskap vert revidert, ta stikkprøver blant avdelingane for å kontrollera og undersøkje korleis arbeidet drivast.

DS skal sjå til at avdelingane ikkje investerar i utstyr utan at søknad er godkjent av DS på førehand. DS kan godkjenne investeringar inntil kr. 5.000.

Det same gjeld om avdelingane vil selja utstyr. Dette skal og godkjennast av DS. DS skal sjå til at avdelingane ikkje akkumulerar meir kapital enn naudsynt til drift og til investeringar som er godkjent. Overskot skal sendast SK som gåve.

3.5. OKTOBERBOKHANDELANE

DS skal leia Oktoberbokhandelane etter dei retningslinene som vert slegne fast av partiet og Oktober sentralt.

Dei skal overvake og utvikle den politiske lina, ha oversyn over kva for bøker som vert selt, over kadrar som tek seg av drifta og vera på vakt mot kommersialisering eller sekterisme i bokutvalet. Vidare skal DS overvake økonomiarbeidet, inkludert eventuelle avsettingar til fonds (t.d. til nye lokale).

DS skal arbeide for å byggje ut Oktobernettet i sitt distrikt etter som klassekampen krev det, og det er grunnlag for det i avdelingane sin styrke på staden.

DS skal utbyggje Oktober sitt kommisjonærnett der det er grunnlag for eit visst sal blant massane, samstundes som det ikkje er grunnlag for bokhandel pga. avdelinga si styrke, oppslutning blant massane osv.

DS har eit særskilt ansvar for at det ikkje akkumulerast ei for stor gjeld til Oktober sentralt eller til andre.

3.6. ØKONOMIARBEIDET I FRONTORGANISASJONANE

DS pliktar å hjelpa frontane med økonomiarbeidet deira og har ansvaret for at partiet sine medlem som arbeidar i frontar, strir for ei politisk line i økonomiarbeidet som vil tene frontane sine interesser.

Det erⁱ frontane sine interesser at viktige prinsipp i økonomiarbeidet som sjølvberging og mobilisering av massane får mykje større gjennomslagskraft.

Mange frontar driv eit dårleg arbeid med økonomien i dag. Både leiinga og medlemsmassen er lite medvetne om kor naudsynt det er å drive økonomiarbeid og byggje opp eit sterkt og solid grunnlag for den politiske verksemda deira. Det er partiet si plikt å hjelpa og kjempe fram dette og hindre at eit vantande økonomiarbeid skal ramme det kampavsnittet som ein front arbeidar på.

Kommunistane i fronten må gå i spissen for å korrigera denne range tendensen i frontane sitt økonomiarbeid.

3.7. VERN OM PARTIET SIN EIGEDOM

DS skal sørgje for at det vert sytt vel for all eigedom som tilhøyrer partiet, og at det finst klare retningsliner for bruk og oppbevaring av utstyr og materiell.

DS skal føre materiallister over alt tstyr som skal forvaltast av kasseraren eller ein annan som DS utpekar særskilt til dette. Særskilte direktiv vert utforma for unntak frå dette.

Det må førast kamp mot alle tendansar til å syne liten vørndnad for partiet sin eigedom og utstyr.

3.8. FONDSAVSETTING OG INVESTERINGAR

a) DS skal avsetje til og byggje opp fond for investeringar som kjem og for særskilte økonomitiltak når stoda i klassekampen er ekstra skjerpa. Storleiken og tidsrommet for å byggje opp fondet skal og fastsetjast etter diskusjonar med sentralkomiteen. Særskilte innsamlingar i distriktet for tilsvarande føremål skal godkjennast av SK.

Når DS akkumulerar kapital over dei fastlagte grensene, skal overskotet sendast SK.

b) DS skal diskutera og planleggje dei investeringane som vil verte naudsynte i tida som kjem. Planane skal leggjast fram for SK. Alle investeringar over kr. 5.000 skal godkjennast særskilt av SK. DS skal senda melding om alle investeringar som vert gjort.

3.9. STØNAD FRÅ STAT OG KOMMUNE

Partiet avviser eikvar form for økonomisk stønad frå stat, fylke eller kommune. Det gjeld på alle nivå i partiet.

3.10. SKOLERING OG STUDIER

DS skal gjennomføre studier og skolering i organisasjonsøkonomi i DS og i distriktsorganisasjonen. Det skal leggjast særskilt vekt på å skolere opp styrekadrane. SK vil utarbeida studiemateriell om økonomiarbeidet.

4. BUDSJETT - REKNESKAP - REVISJON

4.1. BUDSJETT

DS skal lage budsjett for drifta si.

Budsjettet skal godkjennast av SK.

Budsjettet skal kontrollerast kvart $\frac{1}{2}$ år i tilhøve til rekneskapa og korrigerast etter dei reelle utgiftene som rekneskapa syner, og dei planane som DS legg for arbeidet sitt. Utgiftssida skal syne den økonomiske sida for DS sine politiske planar. Inntektssida skal for det fyrste dekkje utgiftene, og for det andre byggje på målsettingar og politiske og organisatoriske planar for korleis kontingenta skal drivast opp i distriktet. Budsjettet skal fylgje kalenderåret.

4.2. REKNESKAP

For rekneskapsføring gjeld eit eige direktiv. Direktiv om regnskapsføring for distriktsstyrer og utvalg fra september 1977.

4.3. REVISJON

DS skal velje ein revisor blant seg sjølve som ikkje sit i AU. Revisor skal revidera rekneskapen kvart $\frac{1}{2}$ år. Revisor skal skrive ei revisjonserklæring som leggjast fram for DS/AU for godkjenning.

På distriktsårsmøtet skal berre revisjonserklæringane og eventuelle merknader frå SK leggjast fram til vurdering. Rekneskap skal ikkje leggjast fram.

Når rekneskapen er godkjend, skal alle bilag brennast med eit unntak, bilag for betalt kontingent til SK må takast vare på i eit halvt år etter betalingsdatoen.

Halvårsrekneskape n skal samanfattast til eit årsrekneskap. Rekneskapsperioden skal fylgje kalenderåret.

Ved årsskiftet skal budsjett for det nye året og rekneskap for det gamle sendast SK for godkjenning.

5. TILSETTINGAR

DS skal på førehand søkje SK om løyve til å tilsetje kader i partiet eller i partiet sine verksemder. SK skal og godkjenne den kaderen som vert tilsett.

For alle tilsette i partiet gjeld eit særskilt direktiv om løns- og arbeidstilhøve som skal nyttast ved alle tilsettingar.

DS er ansvarleg for å fylgje direktivet for partifunksjonærar og for å kontrollera dei tilsette i tilhøve til direktivet.

6. EIGEDOMSTILHØVE

Om eigedomstilhøva i partiet gjeld § 17 og 18 i vedtektene. I samsvar med vedtektene er det SK som utøvar eigedomsretten i partiet. DS og avdelingar disponerar berre det utstyret og materiell dei har investert i. SK kan overdra disposisjonsretten til seg sjølve eller andre. Difor skal endringar i eigedomstilhøve og disponering godkjennast av SK. SK ordnar eigedomstilhøva på det viset dei fastlegg. Dette gjeld både for partiet og partiet sine bedrifter.

JANUAR 1978

Sentralkomiteens arbeidsutval